

Det føreligg bod på kr. 400.000,-

06.09.2018



Så langt i salsprosessen føreligg det bod på kr. 400.000,-

Det brannskada huset på Brekketoppen vert på nytt lyst ut for sal. Det er advokatfirma Responsa som er meglar og som står for salet. Det store murhuset går over 3 høgder. Tomta er på knappe 1000 rutemeter. Så langt føreligg det bod på kr. 400.000,-

Etter brannen i 2017 er huset sikra og tømd for inventar. Det er framleis trong for utreinsking innvendiig. Det er tvil om bygningen har funksjonalitet etter brannen. Difor vert det heller ikkje sagt noko om buareal. Branntaksten er innhenta av forsikringsselskap. Rapporten seier noko om at bygningskroppen truleg kan nyttast, men det er risiko for det motsette.

Huset på Brekketoppen vart bygd av Arne B. Myklebust tidleg på 1950 talet. Arealet på grunnplan har vore nytta til ulik næringsverksemd, som frisørsalong, røyrliggjarforretning, målforretning og kafe. 2. og 3. høgda har vore buareal med plass til tre leilegheter. Salsobjektet med tilhøyrande parkering ligg sentralt til langs Fylkesvegen i Uskedalen.

Interesserte kan kontakta meglar Kjell P. Neset på mobil 913 36 587. Meir informasjon finn du på finn.no - kode 120682342.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal